

KODE: 2NO34-001/2NO34-002/2NO34-003/2NO34-004

NAMN: NORSK ÅRSSTUDIUM

STUDIEPOENG: 60

SEMESTER: HAUST OG VÅR

SPRÅK: NORSK

Norsk årsstudium utvidar kunnskapane frå norskfaget i grunn- og vidaregåande skole og er studiet for alle som er interesserte i dei mange ulike sidene ved tekst og tale og språkleg-kulturell utvikling i norsk og nordisk fortid og notid. Kunnskapar om språk og litteratur i eit vidt perspektiv er viktige og nødvendige i alle delar av samfunnet og i alle typar oppgåver og aktivitetar i kvardagsliv og arbeidsliv. Norsk årsstudium kan vere ein del av ei bachelor-utdanning i språk- og kulturfag ved Høgskolen i Hedmark, det kan inngå i den fireårige allmennlærerutdanninga, og det kan også vere vidareutdanning for lærarar. Ein kan byggje vidare på Norsk årsstudium med Nordisk påbygging og enda vidare med éin av dei to mastergradane, Master i kultur- og språkfagas didaktikk eller Master i språk, kultur og digital kommunikasjon, ved Høgskolen i Hedmark.

FORKUNNSKAPAR

Det blir ikkje kravd nokon forkunnskapar, men det er ein fordel om ein har hatt eit godt forhold til norskfaget gjennom tidligare skolegang, og at ein stiller med ei sunn interesse og eit ope sinn for mange ulike sider ved både språk og litteratur i teoretisk, praktisk og didaktisk perspektiv.

MÅL

Gjennom Norsk årsstudium skal ein utvikle eit engasjert og reflektert forhold til norsk og nordisk språk og litteratur i fortid og notid, og studiet skal også vere med på å førebu studentane til å arbeide i skolen eller i andre offentlege og private stillingar der kunnskap om språk og litteratur representerer ein sentral kompetanse. Etter fullført studium skal studentane ha tileigna seg følgjande kunnskapar, ferdigheiter og haldningar:

- innsikt i språket som struktur og språket som sosialt fenomen og respekt og forståing for ulike variantar av språk
- kunnskapar om litteratur frå ulike epokar og ulike sjangrar
- evne til sjå på litterære og språklege spørsmål frå eit analytisk og vurderande perspektiv
- praktiske og teoretiske kunnskapar om lesing og skriving av ulike typar tekstar
- eit solid grunnlag for å kunne følgje med i den faglege og fagdidaktiske utviklinga i faget.

OPPBYGGING

Norsk årsstudium omfattar fire modular, to språklege og to litterære à 15 studiepoeng, som til saman utgjer 60 studiepoeng. Kvar modul karakter tel 25 % av endeleg karakter i Norsk årsstudium – 60 studiepoeng. Dei språklege og dei litterære modulane skal gje meir bakgrunnskunnskap og vidare perspektiv på samanhengen mellom språk/litteratur og kultur og samfunn. Ein kan anten avleggje studiet samla over eitt studieår eller som modulisert deltidsstudium. Vel ein sistnemnde alternativ, er det viktig å vere oppmerksom på at det blir undervist i éin språkleg og éin litterær modul kvart semester.

Språklege modular

I språkmodulane skal ein arbeide med språket som system, med språket i bruk og med språket i ulike sosiale samanhengar. Studiet skal også resultere i auka kunnskap og bevisstheit om korleis språket vårt har utvikla seg gjennom tidene.

Litterære modular

Dei to litterære modulane skal til saman utgjere eit representativt lengdesnitt av norsk skjønnlitteratur frå mellomalderen og fram til i dag. Begge målformer skal vere representerte i det litterære pensumet i kvar av dei litterære modulane. Likeins skal dei ulike sjangrane vere representerte, dansk og svensk litteratur skal vere med i utvalet, og det skal lesast eit utval barne- og ungdomslitteratur. Studentane skal gjennom studiet lære seg å analysere og vurdere dei litterære tekstane og plassere dei litteraturhistorisk.

Språkleg modul A (15 studiepoeng)

INNHALD

Fonetikk/fonologi

- taleorgana
- fonem og fonemvariantar i norsk
- kombinasjonsmoglegheiter (fonotaks)
- prosodi
- lydtranskripsjon

Morfologi

- ordklassar
- bøyingsmønster
- ordlaging, forskjellen mellom morfem og ord, rot og stamme
- bøyingsendingar, avleiing og samansetjing.
- lånord og fremmendord

Syntaks

- setningsoppbygging
- frasetypar og fraseoppbygging
- ulike setningstypar
- leddstilling

Dansk og svensk språk

- lesing av og arbeid med danske og svenske tekstar
- drøfting av kva som i særleg grad kjenneteiknar dansk og svensk i forhold til norsk

Praktisk språkbruk

- kva som blir kravd av skriveferdigheiter på tekst- og rettstavingsnivå, i begge målformer
- grunnleggjande kunnskapar i det å skrive eit fagessay

ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Undervisninga går over eitt semester, vanlegvis haustsemesteret. Sjølv om undervisninga ikkje er obligatorisk, vil vi likevel råde studentane til å følgje undervisninga i dei enkelte emna. Den delen av pensum som undervisninga ikkje dekkjer, bør studentane ta opp som emne i kollokviegrupper. Lærarane på modulen kan gje faglege råd om kva som bør takast opp i dette arbeidet. Den internetbaserte kommunikasjonsplattforma Fronter vil bli brukt til beskjedar, og kan også i nokon grad bli brukt til distribusjon av støtteark.

OBLIGATORISKE KRAV

Studentane skal levere eitt individuelt skriftleg heimearbeid på ca. 2000 ord, med oppgåve gjeven av faglærarane. Arbeidet skal leverast på Fronter.

Viss faglærer og studentar blir einige om dette, kan det leverast eit førsteutkast og ein revidert versjon. Faglærer kan setje ein karakter på svaret, dersom studentane ønskjer det. Karakteren tel ikkje med i sluttkarakteren på modulen, men heimearbeidet må vere godkjent før ein kan melde seg til eksamen. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. I Norsk årsstudium blir det ikkje skilt mellom hovudmål og sidemål. Bokmål og nynorsk blir sett på og behandla

som ein naturleg del av sjølve norskfaget, dvs. som to offisielle norske skriftformer med individuell og felles historie, noko som også blir gjenspegla gjennom dei ulike delane i studiet.

Viss ein kandidat må levere eit arbeidskrav på nytt, kan det skje ytterlegare éin gong same semester, og ytterlegare éin gong i det påfølgjande semesteret.

AVSLUTTANDE VURDERING

Seks timars skriftleg eksamen. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. Ved vurderinga av studentanes skriftlege arbeid legg ein også vekt på den språklege utforminga av dei. Det blir stilt dei same krava til å kunne formulere seg på begge målformene.

PENSUMLITTERATUR

Fonetikk/fonologi:

Kulbrandstad, L.A. (2005). *Språkets mønstre*. (3. utg.) Oslo: Universitetsforlaget. Kap. 4.

Morfologi:

Kulbrandstad, L.A. (2005). *Språkets mønstre*. (3. utg.) Oslo: Universitetsforlaget. Kap. 5, 6 og 7.

Syntaks:

Kulbrandstad, L.A. (2005). *Språkets mønstre*. (3. utg.) Oslo: Universitetsforlaget. Kap. 8, 9 og 10.

Dansk og svensk språk:

Otnes, H. & Aamotsbakken, B. (2006). *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. (3. utg.) Oslo: Det Norske Samlaget. Kapitlet: "Dansk og svensk" (ss.192-200, i alt 9 sider).

Praktisk språkbruk:

Vinje, F.-E. (2004). *Skriveregler*. (8. utg.) Oslo: Aschehoug.

Språkleg modul B (15 studiepoeng)

INNHALD

Sosiolingvistikk og tospråklegheit

- ulike typar språkbruk
- språkhaldningar
- språklige kodar
- språk i ulike sosiale grupper
- tospråklegheit i Noreg

Norsk språkhistorie (med elementær innføring i norrønt språk)

- forholdet generelt mellom norrønt og norsk
- lesing og analyse av nokre elementære norrøne tekstar
- substantiv-, verb- og pronomensbøying
- lydovergangar
- trekk ved norsk språkhistorie frå norrøn tid, med vekt på tida etter 1814
- bakgrunn for utviklinga av to offisielle målformer
- rettskrivingsendringar i historisk perspektiv

Norsk målførekunnskap

- norske talemål generelt
- lesing av målføreprøver
- innsikt i eigen dialekt
- drøfting av forholdet mellom talespråk og skriftspråk

Tekst og diskursanalyse

- elementær innføring i tekst- og kommunikasjonsteori
- tekstlingvistikk og samtaleanalyse

ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Undervisninga går over eitt semester, vanlegvis vårsemesteret. Sjølv om undervisninga ikkje er obligatorisk, vil vi likevel råde studentane til å følgje undervisninga i dei enkelte emna. Den delen av pensum som undervisninga ikkje dekkjer, bør studentane ta opp som emne i kollokviegrupper. Lærarane på modulen kan gje faglege råd om kva som bør takast opp i dette arbeidet. Den internetbaserte kommunikasjonsplattforma Fronter vil bli brukt til beskjedar, og kan også i nokon grad bli brukt til distribusjon av støtteark.

OBLIGATORISKE ARBEIDSKRAV

Studentane skal levere eitt individuelt skriftleg heimearbeid på ca. 2000 ord, med oppgåve gjeven av faglærarane. Arbeidet skal leverast på Fronter.

Viss faglærer og studentar blir einige om dette, kan det leverast eit førsteutkast og ein revidert versjon. Faglærer kan setje ein karakter på svaret, dersom studentane ønskjer det. Karakteren tel ikkje med i sluttkarakteren på modulen, men heimearbeidet må vere godkjent før ein kan melde seg til eksamen. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. I Norsk

årsstudium blir det ikkje skilt mellom hovudmål og sidemål. Bokmål og nynorsk blir sett på og behandla som ein naturleg del av sjølve norskfaget, dvs. som to offisielle norske skriftformer med individuell og felles historie, noko som også blir gjenspegla gjennom dei ulike delane i studiet.

AVSLUTTANDE VURDERING

Fem timars skriftleg eksamen samt ei munnleg prøve. Skriftleg deleksamen må vere bestått for at kandidaten skal kunne avleggje den munnlege prøva. Den munnlege prøva kan justere den skriftlege karakteren eitt trinn opp eller ned. Det vil også vere mogleg å få modulkarakteren "Ikkje godkjent" (karakteren F) etter den munnlege prøva, uavhengig av karakteren på skriftleg eksamen, om den munnlege prøva viser store manglar i kunnskapane til studenten. Omtrent halvparten av det skriftlege svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. Ved vurderinga av studentanes skriftlege arbeid legg ein også vekt på den språklege utforminga av dei. Det blir stilt dei same krava til å kunne formulere seg på begge målformene.

PENSUMLITTERATUR

Sosiolingvistik og tospråklegheit:

Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynesland, U. & Sandøy, H. (2003). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag. (Kapitla 1, 2, 5, 7, 8 og 11, i alt 107 s.).

Norsk språkhistorie (med elementær innføring i norrønt språk):

Otnes, H. & Aamotsbakken, B. (2006). *Tekst i tid og rom: Norsk språkhistorie*. (3. utg.) Oslo: Det Norske Samlaget. (Ss. 68-74, 81-91, 117-179, 209-228, 251-269, i alt 118 sider).

Spurkland, T. (1989). *Innføring i norrønt språk*. Oslo: Universitetsforlaget.

(Ss. 11-16, 19-26, 33-45, pluss morfologi i substantiv, verb og pronomen, i alt om lag 40 sider).

I tillegg: Lesing av norrøne tekstar.

Målførekunnskap:

Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg: Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. (Forklaringar: f.o.m. betyr: ”frå og med”, t.o.m.: betyr ”til og med”).

Frå kapittel 1 og 2: Innleiing og fonologi

s. 17 f.o.m. 1.1 – s. 25 t.o.m. 1.3.3.3

s. 33 f.o.m. 2.1.3 – s. 35 t.o.m. 2.1.3.1

s. 42 f.o.m. 2.2.1 – s. 45 t.o.m. 2.2.2.3

s. 46 f.o.m. 2.2.2.5 – s. 71 t.o.m. 2.3.7.2

s. 76 f.o.m. 2.3.9 – s. 78 t.o.m. 2.3.11

s. 80 f.o.m. 2.3.13.4 – s. 83 t.o.m. 2.3.14.3

s. 85 punkt 2.3.16

s. 86 punkt 2.3.18

s. 87 f.o.m. 2.3.19 – s. 89 t.o.m. 2.3.22 (ut kapitlet)

Frå kapittel 3: Morfologi

s. 91 f.o.m. 3.1 – s. 113 t.o.m. 3.2.1.6

s. 115 f.o.m. 3.3.1 – s. 137 t.o.m. 3.4.6 (ut kapitlet)

Tekst og diskursanalyse:

Svennevig, J. (2001). *Språklig samhandling: Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Oslo: Landslaget for norskundervisning (LNU), Cappelen Akademisk Forlag. (Kapitla 1, 3, 4 og 7, samt ss. 232-244.)

Igland, M.-A. (2001). Mens teksten blir til. I Dysthe, O. (red.). *Dialog, samspel og læring*. Oslo: Abstrakt forlag. (Ss. 241-268, 30 sider).

Litterær modul A: Nordisk, særleg norsk litteratur fram til ca. 1890 (15 studiepoeng)

INNHALD

Litterært tekstpensum fram til ca. 1890

Det litterære tekstpensumet i denne modulen skal til saman omfatte ca. 17 verk. Som verk rekna ein éin roman eller eitt drama, ca. 80 sider noveller, ca. 40 sider lyrikk eller ca. 80 sider essay. Studentane skal lese eit utval litteratur frå norrøn tid fram til ca. 1890. Tekstane skal omfatte verk i ulike sjangrar. Eit breitt utval forfattarar av begge kjønn og på begge målformer skal vere representert. Av dei 17 verka skal eitt vere dansk og eitt svensk. Liste over pensumtekstar vil føreliggje ved semesterstart.

Litteraturhistorie

Studentane skal lese ei oversikt over norsk litteraturhistorie fram til 1890. Dei skal gjere seg kjende med dei vanlegaste litteraturhistoriske omgrepa, kunne plassere dei enkelte verka i eit litteraturhistorisk perspektiv, og kjenne dei viktigaste forfattarane og forfattarskapa i kvar periode. Studentane skal ha kjennskap til dei litteraturhistoriske hovudretningane, og samspelet mellom litteraturen og det samfunnet den er utgått frå og samtidig verkar tilbake på.

Litterær analyse og tolking

Studentane skal arbeide med generelle tekstanalytiske og sjangerteoretiske emne som er relevante i forhold til dei litterære tekstane dei les.

Litteraturhistoriografi

Studentane skal kjenne til nokre grunnsynspunkt innanfor debatten om korleis litteraturhistoria kan framstillast, og leggje opp eit pensum med artklar som drøftar ulike sider ved det å skrive litteraturhistorie.

ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Undervisninga går over eitt semester, vanlegvis haustsemesteret. Sjølv om undervisninga ikkje er obligatorisk, vil vi likevel råde studentane til å følgje undervisninga i dei enkelte emna. Den delen av pensum som undervisninga ikkje dekkjer, bør studentane ta opp som emne i kollokviegrupper. Lærarane på modulen kan gje faglege råd om kva som bør takast opp i dette arbeidet. Den internetbaserte kommunikasjonsplattforma Fronter vil bli brukt til beskjedar, og kan også i nokon grad bli brukt til distribusjon av støtteark.

OBLIGATORISKE ARBEIDSKRAV

Studentane skal levere eitt individuelt skriftleg heimearbeid på ca. 2000 ord, med oppgåve gjeven av faglærarane. Arbeidet skal leverast på Fronter.

Viss faglærer og studentar blir einige om dette, kan det leverast eit førsteutkast og ein revidert versjon. Faglærer kan setje ein karakter på svaret, dersom studentane ønskjer det. Karakteren tel ikkje med i sluttkarakteren på modulen, men heimearbeidet må vere godkjent før ein kan melde seg til eksamen. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk.

AVSLUTTANDE VURDERING

Seks timars skriftleg eksamen. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. Ved vurderinga av studentanes skriftlege arbeid legg ein også vekt på den språklege utforminga av dei. Det blir stilt dei same krava til å kunne formulere seg på begge målformene.

TEORIPENSUM (sjå siste avsnitt)

Litterær modul B. Nordisk, særleg norsk litteratur frå ca. 1890 og fram til i dag (15 studiepoeng)

INNHALD

Litterært tekstpensum frå ca. 1890 fram til i dag

Det litterære tekstpensumet i denne modulen skal til saman omfatte ca. 17 verk. Som verk reknar ein éin roman eller eitt drama, ca. 80 sider noveller, ca. 40 sider lyrikk eller ca. 80 sider essay. Studentane skal lese eit utval litteratur frå ca. 1890 og fram til i dag. Tekstane skal omfatte verk i ulike sjangrar. Eit breitt utval av forfattarar av begge kjønn og på begge målformer skal vere representert. Av dei 17 verka skal til saman tre verk vere på dansk og svensk. Liste over pensumlitteratur vil føreliggje ved semesterstart.

Litteraturhistorie

Studentane skal lese ei oversikt over norsk litteraturhistorie frå 1890 fram til i dag. Dei skal gjere seg kjende med dei vanlegaste litteraturhistoriske omgrepa, kunne plassere dei enkelte verka i eit litteraturhistorisk perspektiv, og kjenne dei viktigaste forfattarane og forfattarskapa i kvar periode. Hovudperspektivet er å forstå dei litteraturhistoriske hovudretningane, og samspelet mellom litteraturen og det samfunnet den er utgått frå og samtidig verkar tilbake på.

Litterær analyse og tolking

Studentane skal få øving i å lese og forstå eit litterært verk på ulike måtar, blant anna som estetisk uttrykk og som uttrykk for den historiske og sosiale situasjonen det er forankra i. Studiet skal gje innblikk i eit utval sentrale analysemetodar, slik at studentane kan tolke ulike slags tekstar, kjende og ukjende.

Litteratursosiologi og litteraturpedagogikk

Litteratursosiologien betraktar litteraturen i ein større samfunnsmessig samheng og kastar lys over det som angår heile den "litterære institusjon". Litteraturpedagogikken dreier seg om litteraturens plass i skolen og i andre kulturelle samanhengar.

ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Undervisninga går over eitt semester, vanlegvis vårsemesteret. Sjølv om undervisninga ikkje er obligatorisk, vil vi likevel råde studentane til å følgje undervisninga i dei enkelte emna. Den delen av pensum som undervisninga ikkje dekkjer, bør studentane ta opp som emne i kollokviegrupper. Lærarane på modulen kan gje faglege råd om kva som bør takast opp i dette arbeidet. Den internettbaserte kommunikasjonsplattforma Fronter vil bli brukt til beskjedar, og kan også i nokon grad bli brukt til distribusjon av støtteark.

OBLIGATORISKE ARBEIDSKRAV

Studentane skal levere eitt individuelt skriftleg heimearbeid på ca. 2000 ord, med oppgåve gjeven av faglærarane. Arbeidet skal leverast på Fronter.

Viss faglærer og studentar blir einige om dette, kan det leverast eit førsteutkast og ein revidert versjon. Faglærer kan setje ein karakter på svaret, dersom studentane ønskjer det. Karakteren tel ikkje med i sluttkarakteren på modulen, men heimearbeidet må vere godkjent før ein kan melde seg til eksamen. Omtrent halvparten av svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk.

AVSLUTTANDE VURDERING

Fem timars skriftleg eksamen samt ei munnleg prøve. Skriftleg deleksamen må vere bestått for at kandidaten skal kunne avleggje den munnlege prøva. Den munnlege prøva kan justere den skriftlege karakteren eitt trinn opp eller ned. Det vil også vere mogleg å få modulkarakteren "Ikkje godkjent" (karakteren F) etter den munnlege prøva, uavhengig av karakteren på skriftleg eksamen, om den munnlege prøva viser store manglar i kunnskapane til studenten. Omtrent halvparten av det skriftlege svaret skal skrivast på bokmål og den andre halvparten på nynorsk. Ved vurderinga av studentanes skriftlege arbeid blir det også lagt vekt på den språklege utforminga av dei. Det blir stilt dei same krava til å kunne formulere seg på begge målformene.

TEORIPENSUM LITTERATUR

Andersen, P. T. (2001). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K. B. (2005). *Norsk barnelitteraturhistorie* (2. utg.). Oslo: Samlaget. (Nokre få, avtalte kapitler.)

Engelstad, I., Hareide, J., Iversen, I., Steinfeld, T. & Øverland, J. (red.) (1988-90): *Norsk kvinnelitteraturhistorie*. Oslo: Pax. (Utvalde avsnitt.)

Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter: Innføring i litterær analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Helland, F. & Wærp, L. P. (2005). *Å lese drama: Innføring i teori og analyse*. Oslo: Universitetsforlaget. Innleiinga, kap.2:

”Dramasjangeren til og med ”komedie”, kap.2: ”Handling og tilstand” til og med ”Fabel”, kap.3:

”Framstilling og kommunikasjon” til og med ”Dramatisk ironi”, kap.4: ”Dramatis personae, de dramatiske personene” til og med ”Personifiserte dramatiske personer”.

Janss, C. & Refsum, C. (2003). *Lyrikkens liv. Innføring i diktlesning*. Oslo. Universitetsforlaget.

Skarðhamar, A.-K. (2005). *Kunsten å lese skjønnlitteratur: Om lesestimulering og lesekompetanse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Enkelte artiklar vil bli delte ut undervegs.

Pensum litterær modul A. Nordisk, særleg norsk litteratur fram til ca. 1890

Romanar:

- Soga om Gisle Sursson.* (1990). [Oslo]: Landslaget for Norskundervisning og Samlaget.
Collett, C. (1995). *Amtmandens Døttre.* Oslo: Gyldendal.
Bjørnson, B. (1971). *Synnøve Solbakken.* Oslo: Gyldendal.
Kielland, A. L. *Else, en julefortelling* (kompendium)
Lie, J. (2003). *Familjen paa Gilje.* [Oslo]: Gyldendal.
Skram, A. (1989). *Constance Ring.* Oslo: Pax.
Garborg, A. (2001). *Bondestudentar.* Oslo: Aschehoug.

Folkedikting:

- Draumkvedet (I)
Olav og Kari (I)
Bendik og Årolilja (I)
Eventyr: Askeladden, som kapaad med Trolde
Pannekaka
Mannen som skulle stelle hjemme
Risen som ikke hadde noe hjerte på seg
De tre bukkene bruse
Veslefrikk med fela
Manndatteren og kjerringdatteren
Bjørnen og reven
(Frå *Pannekaka og andre eventyr*)
Segner: Per Gynt
En Nat i Nordmarken

Drama:

- Holberg, L. (1963). *Erasmus Montanus.* Oslo: Cappelen.
Ibsen, H. (2005). *Brand.* [Oslo]: Gyldendal.
Ibsen, H. (2005). *En folkefiende.* [Oslo]: Gyldendal. Vi kan sjå begge Ibsen-stykkka oppførde.
Strindberg, A. (2005). *Ett Drømspel.* Stockholm: Natur och Kultur. (svensk) Vi kan sjå stykket oppført.

Forteljingar, noveller etc.:

- Winsnes, H. "Skipperkonen"
Hansen, M. "Luren"
Wergeland, H. "Julaften"
Bjørnson, B. "Faderen"
Sivle, P. "Fanta-Nils"
Kielland, A. "Karen"
Skram, A. "Karens jul"
Lie, J. (1992). Jo i Sjøholmene. I J. Lie, *Trold.* Oslo: Gyldendal.

Alle tekstane, bortsett frå Sivle og Lie, er henta frå:

- Gimnes, S. & Hareide, J. (1997). *Norske tekster. Prosa før 1900.* Oslo: Cappelen.

Essay og annan sakprosa

- Christina, L. (1999). Jammers Minde. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Holberg, L. (1999). Om at staa fra sine meninger. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Aasen, I. (1999). Um Dikting. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Bø, G. (2006). Millom bakkar og berg utmed havet. I *Å dikte Norge: Dikterne om det norske*. Bergen: Landslaget for Norskundervisning og Fagbokforlaget. (s.135-145)
- Vinje, A. O.: Et essay. Bestemmes senere
- Haarberg, J. (1998). Vinjes grunnskudd mot "Classiciteten". I E. B. Johnsen & T. B. Eriksen, (red.), *Norsk litteraturhistorie: Sakprosa fra 1750 til 1995*. Bind 1. Oslo: Universitetsforlaget. (s. 457-467)
- Collett, C. (1999). Kvinden i litteraturen. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Hareide, J. (1998): Camilla Collett som essayist. I E. B. Johnsen & T. B. Eriksen, (red.), *Norsk litteraturhistorie: Sakprosa fra 1750 til 1995*. Bind 1. Oslo: Universitetsforlaget. (s. 391-398)
- Bjørnson, B. (1999). [Romantikk og Maalstrev]. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Skram, A. (1999). Bjørnstjerne Bjørnson i hans hjem. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Engelstad, I. (1988). "Naar jeg kommer, blir jeg ganske annerledes grov!" Amalie Skram. I Engelstad, I., Hareide, J., Iversen, I., Steinfeld, T. & Øverland, J. (red.), *Norsk kvinnelitteraturhistorie*. Bind 1. Oslo: Pax.
- Garborg, A. (1999). Hanna Winsnes' kokebok. I Grepstad, O. (red.), *Norske tekster: Sakprosa*. Oslo: Cappelen.
- Gilje, K.B. (1998). Blikket utenfra: essayisten Arne Garborg. I E. B. Johnsen & T. B. Eriksen, (red.), *Norsk litteraturhistorie: Sakprosa fra 1750 til 1995*. Bind 1. Oslo: Universitetsforlaget. (s.467-471)

Ytterligere essay/artiklar kjem til.

Dikt:

- Håvamål (I)
- Trymskvida (I)
- Voluspå
- Thomas Kingo: Kied af Verden , kied af Himmelen
- Dorothe Engelbretsdatter: Afften Psalme (I)
- Petter Dass: Det siette Bud. Du skal ikke bedrive Hoor*. Fra Nordlands trompet*
- Hans Adolph Brorson: Op! Al den Ting, som Gud har gjort.
- Edvard Storm: Førkja aat Guten (I)
- Johan Herman Wessel: Smeden og Bageren (I), Gravskrift (I)
- Johan S. Welhaven: Innledningen til *Norges Dæmring**, Digtets Aand (I)
- Adam Oehelenschläger: Guldhornene* (**dansk**)
- Henrik Wergeland: Pigen paa Anatomikammeret, Efter Tidens Leilighed, Auktion over Grotten, Paa Hostpitalet om Natten. Mulig Forvexling. Til min Gyldenlak, Til Foraaret
- Ivar Aasen: Gamle Norig, Livet (I)
- Aasmund O. Vinje: Den Særde, Ved Rundarne, Vaaren (I)
- Hans Christian Andersen : Det døende barn*, Danmark, mit fædreland* (**dansk**)
- Henrik Ibsen: Bergmanden (I) Takk
- Bjørnstjerne Bjørnson: Kom bukken til gutten*, Træet (I), Ja, vi elsker, Siste Smerte*,

Arne Garborg: Til deg, du Hei og bleike Myr, Mot Soleglad, + et til (I)
Per Sivle: Tord Foleson (I)

(I) viser til Imerslund, K. (red.), (1997). *Norske dikt i 1000 år*. Oslo: Universitetsforlaget.
* blir delt ut

Pensum litterær modul B. Nordisk, særleg norsk litteratur frå ca. 1890 og fram til i dag

Teori

- Andersen, P.T. (2001). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Egeland, M. (2000). "Henrik Wergeland: "et universalgeni av gigantiske dimensjoner". *Hvem bestemmer over livet? Biografien som historisk og litterær genre* (s147-189). Oslo: Universitetsforlaget.
- Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter. Innføring i litterær analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Helland, F og Wærp, L. (2005) *Å lese drama. Innføring i teori og analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Janss, C og Refsum, C (2003). *Lyrikkens liv. Innføring i diktlesing*. Oslo: Universitetsforlaget.

Enkelte teoriartiklar kan komme i tillegg.

Romanar

- Hamsun, Knut (1894) *Pan*
- Undset, Sigrid (1907) *Fru Marta Oulie*
- Sandel, Cora (1926) *Alberte og Jakob*
- Duun, Olav (1929) *Medmenneske*
- Ditlevsen, Tove (1943) *Barndommens gade*
- Prøysen, Alf (1950) *Trost i taklampa*
- Nedreaas, Torborg (1960) *Musikk fra en blå brønn*
- Vesaas, Tarjei (1967) *Isslottet*
- Halldor Laxness (1957): *Brekkukotkrønike*
- Dag Solstad (1993): *Genanse og verdighet*
- Hanne Ørstavik (2000): *Tiden det tar*
- Ingeborg Arvola (2004): *Forsiktig glass*

Drama

- Henrik Ibsen: Et drama (Tittel blir bestemt seinare)
- Jon Fosse: Et drama. (Tittel blir bestemt seinare)

Noveller

- Frå Gimnes & Hareide (1997): *Prosa etter 1900*. Oslo: Cappelen:
- Undset, Sigrid (1912): Første møte. Fra *Fattige skjæbner*
- Sandel, Cora (1927): Larsens. Fra *En blå sofa*
- Duun, Olav (1930): Utpå stupe. Fra *Vegar og villstig*
- Borgen, Johan (1948): Kaprifolium. Fra *Hvetebrødsdager*
- Mykle, Agnar (1948): Skjenselens korinter. Fra *Taustigen*
- Vesaas, Tarjei (1952): Peparkorn. Fra *Vindane*
- Vesaas, Tarjei (1952): Naken. Fra *Vindane*
- Vesaas, Tarjei (1952): Vesle-Trask. Fra *Vindane*
- Solstad, Dag (1965): Emigrantene
- Solstad, Dag (1967) Novelle
- Fløgstad, Kjartan (1972): Riksvegen vestover. Fra *Fangliner*

Askildsen, Kjell (1983): Carl Lange. *Fra Thomas F's siste nedtegnelser...*
Kjærstad, Jan (1992): Hjemkomst. *Fra Vendinger*
Fosse, Jon (1994): Det er heilt umogleg å få stemt gitaren. *Fra Prosa frå ein oppvekst*
Fosse, Jon (1994): Raude kyssemerke i brev. *Fra Prosa frå ein oppvekst*
Dahle, Gro (1995): Ønskesneglen. *Fra Inflammasjoner*

Essay

Frå Grepstad (1999). *Sakprosa*. Oslo: Cappelen:

Hamsun, Knut (1898): Fra det ubevidste Sjæleliv. *Fra Samtiden*
Kjær, Nils (1912): Brekkestøbræve. *Fra Nye epistler*
Undset, Sigrid (1914/1919): Det fjerde bud. *Fra Et kvindesynspunkt*
Grieg, Nordahl (1936): Knut Hamsun. *Fra Veien frem*
Hoel, Sigurd (1924): Nils Kjær. *Fra Samtiden*
Hoel, Sigurd (1940/1948): Eventyrene våre. *Fra Tanker fra mange tider*
Krog, Helge (1933/1954): Diktning og moral fra *Dagbladet* og *Rent ut sagt* -
Jonsson, Tor (1947): Soga om steinrøysane. *Fra Kooperatøren*
Larsen, Alf (1951): Intelligensiaens rolle. *Fra Spektrum*
Borgen, Johan (1958): Norsk. *Fra Norsk skrivekunst*
Bjørneboe, Jens (1970): Om formyndermennesket. *Fra Vi som elsket Amerika*
Østerberg, Dag (1978): Litt om romankunst og samfunnsvitenskap. *Fra Basar*
Næss, Atle (2006): Maalulas stemmer. *Fra Kirke og kultur* (kopi)

Dikt

Frå Stegane, Vinje & Aarseth (1998). *Lyrikk*. Oslo: Cappelen:

Krag, Vilhelm (1891) Fandango.
Garborg, Arne (1895) Mot soleglad.
Obstfelder, Sigurd (1893) Navnløs.
Hamsun, Knut (1904) Skjærgårdsø.
Bull, Olaf (1927) Metope.
Øverland (1927) Sommernatt.
Vesaas, Tarjei (1947) Hisroshima.
Vesaas, Tarjei (1949) Det ror og ror.
Nilsen, Rudolf (1925) Storbynatt.
Vaa, Aslaug (1947) Moreld.
Hagerup, Inger (1942) Ode til grønnsakene
Hagerup, Inger (1941/1944) Aust-Vågøy
Hagerup, Inger (1958) Alt er så nær meg
Jacobsen, Rolf (1933) Byens metafysikk
Jacobsen, Rolf (1954) Pavane
Jacobsen, Rolf (1965) Stillheten etterpå
Hauge, Olav H. (1961) Kuppern skrid i Squae Valley
Hauge, Olav H. (1961) Til eit Astrupbilet
Prøysen, Alf (1948) Steinrøysa neri bakken
Prøysen, Alf (1948) Hæin Lars æ på Hamar
Hofmo, Gunvor (1948) Det er ingen hverdag mer
Hofmo, Gunvor (1948) Fra en annen virkelighet
Hofmo, Gunvor (1971) Gjest på jorden

Jonsson, Tor (1948) Skuggen
Jonsson, Tor (1956) Kven kviskrar
Brekke, Paal (1960) Der alle stier taper seg
Christie, Erling (1959) Jailhouse Rock
Johannesen, Georg (1966) Jødisk partisansang
Vold, Jan Erik (1968) Nyttårsdiktet (nærmest reprise)
Vold, Jan Erik (1969) God dag!
Ulven, Tor (1981) I skogen
Dahle, Gro (1987) Paven ser seg blind

Märta Tikkanen (1978); *Århundredes kärlekssaga*
Eit utval danske dikt
Eit utval samiske dikt i omsetjing